

Bøndene i Uskedalen markerte seg

11.06.2011



Brazzooka imponerte som dei plar gjera

**Bondelaget i Uskedalen har vakna til liv att og laget
markerte seg skikkeleg under Aktvitetsdagen i dag, også med
sine firbeinte.**

**Leiar Olav Hjetland Bringedal har all ære av
ein presentasjon som utløyste mange positive kommentarar.**



Bondene i bygda markerte seg skikkeleg

Standen til bøndene omfatta til dømes 3 kyr, ei søye med to lam og 5 grisar og dyra fengja ikkje minst dei yngre..

Kyrne var av kjøttrasen limousine og eigar Svein Ottar Rørheim meiner at han no har nådd målet etter å ha vore innom mange raser..

Standen besto ellers av tankevekkjande plakatar og også den yngre generasjon var med og gjorde jobben med å betjena han..



Sjørøvarane i Uskedalen blir meir og meir profesjonelle!

Eit anna høgdepunkt og 'ein sikker vinnar' under Aktivitetsdagen er sjørøvartablået som blir justert litt kvart år og blir stadig betre og meir fengjande for dei yngre. Denne gongen var utgangspunktet at sjørøvar Halefjert hadde lurt frå sjørøvar kaptein Sprød hans kjære sukkerspinndame Janne.

Halefjert hevda sogar at Sprød var død. Men i andre del av tablået kom Sprød attende og jaga Halefjert til havs. Og for å ha hjulpe til med det fekk dei som var med eit sjørøvarsertifikat.



Jentebandet var noko amputert men Sindre Aksnes (til høgre) var reservetrommis

Også den musikalske sida blir godt ivareteke under Aktivitetsdagen.

Og utan forkleinelse for den aldri sviktande trekkspelklubben vil vi slå fast at Brazzooka tok kaka! Ungdommane frå Kvinnherad og Stord som er frå 13 (Alf Erik Fylkesnes) til 20 år (Bjørn Naterstad) spelar med ei slik innlevning og 'trøkk' at ein berre må gje seg over. Dei vil nå svært langt hvis dei held fram.

Alle er gode, men størst inntrykk gjer nok leiar

Sebastian Torjusen (16) med sousaphonen sin. Solospelet hans er berre fantastisk. Han er også komponist og han og broren Marius hadde laga 3 av de låtane som dei spela i dag.

Vi møtte også det nye jentebandet Plaing Psycho, men diverre berre 3 av dei som er med: Eirin Kjærland Rørheim, Ann Lisbeth Moen og Hege Hjelmeland. 2 hadde ikkje høve til å opptre i dag. Men heldigvis stilte Sindre Aksnes opp som reserve-trommis! Dei to numra dei framførte var lovande og det var også songen til Birte Nybakk og Ingeborg Skarsfjord.

Og ellers var det eit utruleg aktivitetstilbod - frå tøffetogt til ansiktsmaling.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen